

*Presten har ordet, ØyNytt 04/2012.*

*"Ven frå det høge, du er min fred!"*

Om ettermiddagen søndag 10. juni døydde presten Arnfinn Andreas Haram(63) av hjarteinfarkt på sykkelstur i Nordmarka. Tapet er stort for både Den romersk-katolske kyrkja og norsk kristenliv i det heile, og for oss som har rekna han som ven og god kollega i Den Heilage Tenesta. Mange i Øygarden Prestegjeld hugsar óg godt Arnfinn frå tida han var prest hjå oss.

Arnfinn var fødd 25.september 1948 i Ålesund. Han tok teologisk embetseksamen i 1978, og Practicum 1979 på MF. Etter teneste som Høgskolelektor på Diakonhjemmet og i Feltprestkorpset vart han 1981 vikarprest i Bjørgvin og kom då til oss før han vart utnemnd til sokneprest i Loddefjord 1982, seinare óg Prost i Laksevåg Prosti. Han var medlem av Kollegiet i Bøne-og Arbeidsfelleskapen Kyrkjeleg Fornyng, og m.a. Styremedlem i Presteforeningen i Bergen, FBB Bjørgvin, Dagen, Bergen Menighetspleiers fellesnemnd, og Kontaktnett for kyrkjeleg samhald.

Arnfinn var medlem av den same Presteordenen(Pro Ecclesia)som eg er med i frå nystarten i januar 1991 fram til 1998. Han var min forgjengar(1993-1998) som Vegleiar i SKG Samråd på Kirkens Grunn.

7-9.november 1997 var m.a. Arnfinn, og eg saman på Biskop Bertil Gärtners Kyrkomøte i Linköping og Arnfinn fortalde meg då at han hadde vore i møte med "nokon i Oslo". Sidan han óg sa: "Før eller seinare vert det tale om ein katolsk agenda", skjønnte eg kven. Han gjekk ut av Dnk 26.mars 1998, og vart påskenatt same året teken opp i den Katolske Kyrkja. Etter klosterliv i Frankrike vart han i 2002 dominikanarmunk, i 2003 vigd til katolsk prest, og frå 2009 prior for dominikanarklosteret i Oslo.

Arnfinn gløymde aldri Øygarden. Han kunne seia: "Det er eigentleg ingen skilnad på Hellesøy Bedehus og Peterskyrkja i Rom!" Og han var med oss til det siste. Då Alexander døydde i mai, var han sterkt med i bøn for dei næraste og lokalsamfunnet.

Mange er dei glimt inn i Guds Rike han fekk bere fram. Dei vil leve i lang tid. M.a. var han ein sær god salmediktar. Ein salme(skriven etter Arnfinn si eige utsegn i bilkø på Danmarks plass i Bergen!) som er ein meditasjon over Jesusbarnet i krubba julenatt, sluttar slik:

*«Djupaste mørker ligg over jord, alt fekk du prøva, Jesus, min bror. Gå ikkje frå meg, Herre, eg bed! Ven frå det høge, du er min fred!»*

(Salmar 1997 nr.4)

RIP(Requiescat in Pacem, Kvil i Fred), Bror!

Fr.Svenn

---

Nokre timar før han døydde heldt Arnfinn si siste preike i St. Dominikus kloster i Oslo, som vi gjev att her:

***Kjære kristne!***

***Kva er kyrkja? Er det ein organisasjon som skal oppretthalde den kristne arven - slik det er uttrykt i den nye grunnlovsteksten? Eller er kyrkja summen av alle kristne aktivitetar og all velvilje for kristendomen? Eller ein gamal hierakisk institusjon?***

*Kalla saman. Evangeliet i dag gjev eit betre svar: Kyrkja er forsamlinga som av Kristus er kalla saman rundt hans levande nærvere. Som eit embryo, eit foster, i «den øvre sal» ved Jesu siste nattverd - eller vi kunne seie: ved Jesu fyrste messe, fyrste feiring au eukaristien. På pinsedagen i Jerusalem blir fosteret født i til verda; født gjennom Ordet og dåpen - og straks, frå dag ein, ser vi at det er ei forsamling med eit bestemt innhald, eit bestemt fokus:*

Dei heldt seg trufast til læra frå apostlane, til fellesskapet, brødsbrytinga og bønene, les vi (Apg 2,42). Her er det ikkje snakk om ei vag interesse for «kulturverdiar», ein kristendom utan lære, utan fellesskap, utan feiring av sakramenta.

**Mange ting har skifta** og gått opp og ned i kyrkja si lange historie, men dette har alltid vore krumtappen, akselen, senteret: Guds folk, ekklesiaen, samla for å høre den apostoliske forkyninga, vedkjenne trua, bere fram sine bønner og feire eukaristien. Kort sagt: Den heilage messa. Vil du sjå kor sterkt kyrkja og kristendomen står, skal du sjå korleis det står til med dette. Det er når dette lever at kyrkja får ein verkeleg vekst, som det står vidare i det same avsnittet: Kvar dag la Herren til nye som let seg frelsa (v.47).

Messa er senteret i kyrkja sitt liv, og senteret i senteret er Kristi nærvere i brødet og vinen, i hostien og kalken. Fordi Jesus sa: Ta dette. Det er mitt legeme, og: Dette er mitt blod, paktsblodet som utgytes for mange. Når kyrkja, på Kristi ord og etter hans eksempel, velsignar brødet og kalken, i den eukaristiske bønna, skjer forvandlinga. Han er der, han er HER - og vi bryt ut, som Thomas: - Min Herre og min Gud! Vi feirar «troens mysterium», vi feirar hans offerdød inntil han kjem i sin glans og skal halde den himmelske bryllupsfesten, Lammets bryllup, når vi drikk «en ny vin i Guds rike» saman med han, slik han sa det. Alt her får vi feire Lammets bryllup og seie: - Se Guds Lam, se han som tar bort verdens synder. Salige er de som er kalt til Lammets bord!

**Å vere katolsk kristen** er å delta i dette, tru dette; konkret tydeleg, ufatteleg og sant på same tid. Det blir fortalt om pater Karl Schilling at han som ung kunststudent oppheld seg i ein tysk by, og der opplevde han nettopp ein gong feiringa av Corpus Christi festen - med heile byen på beina, fullt i gatene, fest og jubel. Der kjem prosesjonen med monstransen under baldakinen, Den Allmektige boren av svake menneske over torg og gjennom gater, og alle fell på kne og tilbed. Men Schilling blir ståande, han er endå protestant og forstår ikkje det han ser, så han beheld hatten på. Plutseleg sprett ein av dei knelande opp og slår hatten av Schilling så den flyg bortover gata og Schilling blir tvinga i kne. Då går det opp for han: Det er Herren! Deretter blir han straks katolikk. Han tok poenget, eller poenget tok han, nesten som då Saulus blei slått i bakken på veg til Damaskus og hørde ei røyst som sa: - Eg er Jesus, han som du forfylgjer. Realpresensen. Kristi verkelege nærvere.

Når Kristus er nær i evkaristien, er det heile hans frelsesverk som er nærverande, realpresent. Vi feirar Kristi offer, det offeret som sonar alle synder og er sjølve grunnlaget for den nye pakta. Offeret som oppfyller alle ofra i den gamle pakta, som då Moses oppretta pakt mellom Gud og Israel; han «tok paktsboken og leste den opp for folket, og de sa: 'Vi vil være lydige og gjøre alt det Herren har sagt'. Da tok Moses blodet, stenket det på folket og sa: 'Dette er blodet som hører til den pakten Herren slutter med dere på grunnlag av alle disse ord».

**Ekkoet.** Det er dette vi høyrer ekkoet av når Jesus seier: Dette er mitt blod, paktsblodet... Eller som vi også høyrde: Ikke med blod av bukker og okser.., men med sitt eget blod har han kjøpt oss fri for alltid (Hebr 9).

**Brør og systre!** I eit samfunn der Gud er blitt mindre enn menneske, har vi vanskeleg for forstå at det trengs noko offer, at vi kan vere skyldige, ja, skyldige til døden, at nokon skulle måtte gå i døden og ofre seg for oss. Å argumentere for det i dag, er som å stå på asfalt. Eg vil berre seie for min eigen del: Ein dag - ein dag som kan vere når som helst, men som i alle fall rykkjer nærare for kvar dag som går - skal eg stå for min Skapar. Eg veit eg vil trenge alt som kan gjerast for eg skal finne nåde og kunne stå oppreist då. Alle helgnars forbøn og fortene og aller mest det Kristus har gjort då han gav seg sjøl for oss, for meg. Då treng eg å stole på «det blodet som ropar sterkare enn Abels blod»: Kristi blod, som ropar om kjærleik, nåde og oppgjer. Som seier: Det er fullført, det er plass for alle.

**Feirar.** Det er dette vi feirar i dag på festen for Kristi lekam og blod- og kvar gong vi feirar messa. Det er dette eg lever på som eit kristent menneske, det er dette eg er kalla til som prest, som skrive står:

«Frelsens kalk vil jeg løfte og påkalle Herrens navn!»